



Til Kristin Nielsen

Kopi til:

Saksbehandler: Teknisk drift/Linda Folkestad

Vår referanse: 14/7672 - 15/28742 / Gbnr - 188/769

Dato: 04.09.2015

Emne: Uttale klagesak avkjørsle - gbnr 188/769

Teknisk drift syner til klage vedkomande siktkrav i avkjørsle frå regulert kommunal veg – gbnr 188/769 – Langheiane.

Siktsone (4x30m) som teknisk drift har godkjent er minste krav til siktsone som kan tilletes for den aktuelle avkjørsle. Opprinnelig siktkrav i avkjørsle er, etter vegnormal N100, 6x45m (jf tabell E.3, E.4 og E.6). Dette er siktkrav definert ut i fra fartsgrense på veg (50km/t) og ÅDT>50 kjøretøy i døgnet. Det vil seie at klagar sin utrekning av ÅDT (90 kjøretøy i døgret) ikkje vil ha innverknad på teknisk drift sitt krav til siktsone.

Teknisk drift sitt krav til sikt vil gjelde alle private avkjørsler som skal knyttast til kommunal veg. Disse krava gjeld også private avkjørsler som skal knyttast til veger som er regulert som offentleg kjøreveg da disse skal overtas av kommunen.

Teknisk drift gjer merksam på at Langheiane ikkje er omfatta av 30-sone vedtaket i Lonsvegen. Skiltet er flytta av ei av utbyggerane og har derfor ingen gyldighet med den plassering det står i dag.

Linda Folkestad